



Christer Andre Bergås Morken  
Hillandsvegen 28  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/4254 - 23/64647

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:  
21.08.2023

## Ferdigattest piperehabilitering - gbnr 134/175 Hilland

**Administrativt vedtak:** Saknr: 862/23  
**Tiltakshavar:** Christer Andre Bergås Morken  
**Ansvarleg søkjar:** Murmester Sigurd Djøanne As  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest

### VEDTAK

**Det vert gjeve ferdigattest for rehabilitering av skorstein på gbnr 134/175.  
Vedtaket vert gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 21-10.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 16.06.2023.

Det vert elles vist til søknad motteken 11.08.2023.

### Skildring

Adresse:	Hillandsvegen 28
Bygningstiltak:	Einebustad
Bygningsnummer:	176209372.
Tal på røykløp:	1

### GENERELL INFORMASJON

#### Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/4254

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Trygve Solberg  
Sakshandsamar

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Christer Andre Bergås Morken	Hillandsvegen 28	5911	ALVERSUND
Murmester Sigurd Dønne As	Andreas Gjellesviks veg 16	5260	INDRE ARNA